



## MANDAT HARDANGER KULTURRÅD/HKR

Godkjent i HARDANGER Kulturråd 12.06.2017

### Nettverk

- ❖ HKR er eit fagleg nettverk mellom kulturleiarane i kommunane/herada i Hardanger.
- ❖ Hardanger Kulturråd legg opp til eit tett samarbeid med dei regionale kulturinstitusjonane i Hardanger.
- ❖ HKR har eit regionalt kulturfokus med utvikling, nyskaping og tilrettelegging som hovudfokus.
- ❖ HKR sine medlemmer utfyller og utviklar kvarandre gjennom erfaringsutveksling, inspirasjon, motivasjon og kollegarettleiing.
- ❖ HKR er eit partnarskap som motiverer, inspirerer, støttar og gjev auka kompetanse for lokalt og regionalt kulturarbeid.

### Mandat

- ❖ HKR lyser ut, handsamar og tildeler årleg midlar i Regionalt kulturfond Hardanger.
- ❖ HKR skal gi uttale og rád innanfor HKR sine områder.
- ❖ HKR skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleiing i utviklingsarbeidet i Hardangerregionen.
- ❖ HKR skal halda kvarandre oppdaterte på aktuelle kulturpolitiske og kulturutviklingstiltak som er på gang i kommunane/herada.
- ❖ HKR skal halda seg oppdaterte på og samhandla med fylkeskommunale og statlege kulturstrategiar og handlingsplanar.
- ❖ HKR skal sjå på tvers av kommunegrenser i tiltak dei arbeider med til beste for regional utvikling.
- ❖ HKR skal ha fokus på alle «bransjar» som vil medverka til styrkja kulturen i regionen.
- ❖ HKR skal ta initiativ til regionale tiltak som kan styrkja eksisterande og som kan skapa ny kultur i regionen.
- ❖ HKR skal ta initiativ til og leggja til rette for konkrete felles aktivitetar og koordinerande tiltak i samarbeid med kulturlivet i regionen.

### Samspelsreglar

- ❖ Nettverksleiinga går på omgang mellom medlemmene. Hardangerrådet held sekretariat for HKR.
- ❖ Fellesprosjekt eller einskildtiltak som gir suksess i ein kommune er suksess for heile regionen.
- ❖ Alle deltakarar i nettverket er ambassadørar for regionen.
- ❖ Nettverksarbeidet er basert på openheit, støtte og tillit mellom partane.
- ❖ Det kan vera motstridande interesser innan nettverket, er det viktig at ein er open i forhold til det og møter problemstillingane i framkant.
- ❖ Det er viktig at det regionale arbeidet er godt forankra i den einskilde deltakar sin kommune/organisasjon til ei kvar tid.